
Fra: Unni Langås [mailto:unni.langas@uia.no]

Sendt: 22. oktober 2012 08:36

Til: Postmottak KD

Emne: Fråsegn om nye rammeplanar

Hei

Nasjonalt fagråd for nordisk språk og litteratur står samrøystes bak fråsegna som er vedlagd her.

Vennleg helsing

Unni Langås

Leiar

Til
Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Frå
Nasjonalt fagråd for nordisk språk og litteratur

Fråsegn om Forskrifter for rammeplanar for lærarutdanning trinn 8-13

Nasjonalt fagråd for nordisk språk og litteratur er ikkje høyringsinstans i saka, men har drøfta dei nye forslaga på årsmøtet den 28. september 2012 og vedteke å komme med ei fråsegn. Fråsegna er inspirert av, og langt på veg i tråd med, eit innspel til Rammeplanutvalet frå matematikkmiljøet.

Bakgrunn

Rammeplanane gjeld lærarar til årstrinn 8-13. Grunnskolelærarutdanningane (GLU) har tradisjonelt utdanna lærarar til årstrinna 8-10, medan universiteta sine adjunkt- og lektorutdanningar (UAL) har utdanna lærarar til både 8-10 og 11-13. GLU har si styrke i den pedagogiske og praktiske tilnærminga, medan UAL si styrke ligg i den faglege kompetansen.

Overordna mål

Det overordna målet har vore å heve kvaliteten på lærarutdanningane for trinn 8-13, tilpassa behovet i skulen for lærarkompetanse. Mandatet var å utvikle integrerte, forskingsbaserte og profesjonsretta lærarutdanningar.

Kommentar til forslaga

Integrert lektorutdanning

Den faglege kompetansen er i liten grad omtalt, og når den blir omtalt, skjer det ei svekking i høve til nivået på den eksisterande UAL.

- ◆ Reint faglege masteroppgåver blir utelukka, og i tillegg blir ei profesjonsretta bacheloroppgåve innført.
- ◆ Praksis skal integrerast i fagutdanningane og bli utvida.
- ◆ I krav til læringsutbytte er omtalen sterkt prega av den pedagogiske kunnskapen.
- ◆ Krava til fagleg læringsutbytte er upresise og lite utdjupa.

Praktisk-pedagogisk utdanning

- ◆ Det blir foreslått å gjere PPU eksklusivt for kandidatar med mastergrad. Dette eliminerer den faglege bachelorgraden som inngang til læraryrket, og det vil meir enn halvere talet på lærarkandidatar frå PPU. Dette er i strid med departementet sitt tidlegare ønske om å styrke bachelorgraden som ei fullverdig utdanning.
- ◆ Fagrådet er kritisk til kravet om at 20 % av praksis skal liggje i dei to første studieåra. Vi trur det har ein eigenverdi at lærarstudentane i stor grad følgjer det vanlege kursopplegget for ordinære universitetsstudentar fordi det sikrar det faglege nivået. Ei slik talfesting vil gjere det vanskeleg å lage gode studieløp. Struktureringa av utdanninga bør overlatast til institusjonane.

Kravet om C for opptak til masterdelen er problematisk (og dessutan i strid med normalfordelingsprinsippet). Studentane er tatt opp til eit femårig studium og risikerer å bli

kasta ut av programmet etter meir enn halvgått løp med uklår kompetanse. I og med at PPU samtidig blir stengt for bachelorkandidatar, blir deira situasjon svært utilfredsstillande. Det verkar uetisk å lage eit spesialisert og skreddarsydd studieopplegg der kanskje opptil ein tredel av kandidatane som består, ikkje er sikra ein fornuftig kompetanse, særleg når adjunktprogrammet er tenkt avslutta.

Oppsummering

- ◆ Forslaga reduserer det som har vore den faglege styrken i UAL.
- ◆ Forslaga reduserer universiteta sine moglegheiter til å utdanne lærarar og lektorar for 8-13.
- ◆ Fleire velbrukte vegar til faglæreryrket blir stengde i ei tid da mangelen på faglærarar er større enn på lenge.

Forslag til konkrete forbetringar

- ◆ PPU må fortsatt vere open for faglege bachelorgradar.
- ◆ Masteroppgåvene må kunne dekkje heile spekteret frå reint faglege oppgåver til profesjonsretta, fagdidaktiske oppgåver.
- ◆ Krava til læringsutbytte i fag 1 og fag 2 må bli betre presisert og få større tyngd i den integrerte lektorutdanninga.
- ◆ Praksis må vere ein eksplisitt og studiepoengfesta del av den praktisk-pedagogiske utdanninga.
- ◆ Strukturering av utdanninga, inklusive praksis, bør overlatast til institusjonane.

Universitetet i Agder, Kristiansand, 22. oktober 2012

Unni Langås
Leiar